

Årsmelding

**IT-forum Vest
2020**

1. Mandat

Etter 24 år som IT-forum Sogn og Fjordane vart IT-forum Vest skipa som eigen forening 18. oktober 2019 med følgjande føremål:

«Foreininga sitt føremål er å arbeide gjennom eit breitt samarbeid for sikre at lokale og regionale miljø er i fremste rekke i å nytte informasjonsteknologi i næringsliv, offentleg sektor, opplæring, utdanning og forsking. IT-forum initierer, samordnar og sikrar felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.»

2. Medlemmar, styre og sekretariat 2020

Medlemmane i IT-forum Vest i 2020 har vore:

- Vestland fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Vestland
- Sogn og Fjordane energi
- Helse Førde
- Innovasjon Norge Vestland
- Digitaliseringsdirektoratet
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Sparbanken Vest
- Lotteri- og stiftelsestilsynet
- Sogndal fotball AS
- KS Vest-Norge
- Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane
- Høgskulen på Vestlandet
- Eninvest AS
- Sognenett AS
- Bergen Fiber AS
- Vestlandsforskning

Styret

Årsmøtet i IT-forum i 2020 valde følgjande styre:


Christiane Ulriksen, Eninvest (leiar)
Frode Kyrkjebø, KS Vest-Norge (nestleiar)
Anne Mette Hjelle, Lotteri og stiftelsestilsynet
Nils Erling Yndesdal, Statsforvaltaren i Vestland
Paal Fosdal, Vestland fylkeskommune
Reiel Haugland, Sparebanken Sogn og Fjordane
Bjørn Lødemel, Sogn og Fjordane næringsråd
Geir Anton Johansen, Høgskulen på Vestlandet

Sekretariat

Vestlandsforsking ved Øyvind Heimset Larsen og Ivar Petter Grøtte har vore sekretariat i 2020

3. Organisering og hovudaktivitetar

Figuren nedanfor viser organisering og grupper/nettverk i IT-forum Vest slik den vart vedteken på skipingsmøtet hausten 2019 og på det etterfølgjande årsmøtet våren 2020. Strukturen og gruppene er resultat av ein omfattande strategiprosess i 2018 og 2019 som leia fram til vedtaket om å etablere foreininga IT-forum Vest.



Covid-19-pandemien fekk stor verknad på aktivitetane i 2020. Fysiske samlingar, seminar og konferansar der IT-forum Vest skulle vera arrangør eller samarbeidspartner har vorte avlyste. Både offentleg sektor og næringslivet har vore sterkt prega av pandemien. Arbeidet har derfor vore knytt til å arbeide med å konsolidere og vidareføre aktivitetar. Etableringa av IT-forum Vest som eigen foreining har og gitt ein del administrativt arbeid med diverse registreringar og formelle avklaringar.

IT-forum Vest har i 2020 arbeidd med område ikkje andre dekkar og der me allereide har interesse og respons i regionen. Nye større satsingar har ikkje kome fram dette året. Men søknad om ny partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune i juni 2020 gav positivt resultat (endeleg vedtak vart gjort i januar 2021). Partnerskapsavtalen gir vesentleg auka økonomiske resursar i 2021 som dermed vil gje grunnlag for nye større satsingar.

Styret har etter årsmøte 20. mars hatt møte 2. juni, 18. juni, 6. november, samt eit utvida styremøte med drøfting av revidert handlingsplan 23. februar 2021. Møta har vore gjennomført digitalt.

IT-Forum Vest har i 2020 nytta ressursar på verktøy for digitale møte Teams. Gasta Design & Kommunikasjon AS har hatt eit mindre oppdrag for teknisk oppgradering av

nettside og grafiske justeringar. Sekretariat og leiar har i 2020 hatt eit godt samarbeid med rekneskapsførar Vekstra Økonomiservice avd. Sogndal og vår revisor Deloitte.

Sekretariat og leiar har i tillegg delteke på ei rekke eksterne møte. Vi har og vore i dialog om samarbeid med Teknologifestivalen Vestland og Kraft i Vest og initiativ som Studentrekruttering og Initiativ Vest. Diverre vart desse konferansane ikkje gjennomført i 2020 grunna covid-19.

4. Delaktivitetane

IT-forum har gjennom heile historien sin vore eitt døme på at relevante samfunnsaktørane, både frå offentleg og privat sektor, går saman for å løysa felles utfordringar gjennom samordna innsats. Dagens arbeidet innan breiband, velferdsteknologi og utvikling av IT-utdanninga viser dette.

4.1 Breiband

Desse aktivitetane i IT-forum har gitt betydelege dokumenterbare økonomiske resultat der me særleg i samarbeid med fylkeskommunen gjennom fleire år har henta store midlar frå nasjonale utlysingar til regionen.

IT-forum breiband har vore både initiativtakar, felles prosjektutviklar og samordnar av aktivitetar i for utvikling av infrastruktur og innhaldstenester. Kommunane har vore dei lokale samarbeidspartnerane, og næringsliv og innbyggjarar har fått stor effekt og nytte av breibandutbygginga.


Etter nasjonal konkurranse om breibandmidlar i perioden 2014-2017, vart ordninga endra i 2018 til å tildele fylka midlar etter påvist behov. I 2019 vart det vedteke nye kriterier for breibandtildeling frå Kommunal og moderniseringsdepartementet og den nye IT-ministeren. Det gjorde store utslag med relativt därlegare tildeling enn på svært lang tid. I 2020 har me hatt møte med både fylkeskommune om dette, og med Distrikts- og digitaliseringsminister Linda Hofstad Helleland om desse reduserte (prosentvis) tildelingane til Vestland.

I 2020 vart det sett av kr 256 mill i Statsbudsjettet til delfinansiering av breibandutbygging i område utan kommersiell utbygging. I tillegg vart det løyvd kr 150 mill ekstra midlar etter utbrotet av koronapandemien. Samla statlege midlar vart soleis kr 406 mill. Av dette vart Vestland fylke tildelt kr 35 mill. Utfrå den store samla løyving vart tildeling i kroner omlag i tråd med tidlegare år, men prosentvis er den lågare enn tidlegare.

IT-forum Vest har delteke i utforming av kriteriesettet for den regionale utlysinga i samarbeid med Vestland fylkeskommune. Eigne digitale møte med kommunar og leverandørar har vore arrangert via Vestland fylkeskommune.

Ei anna hovedsak i 2020 har vore Telenor sine varsel om nedbygging av koparnettet. Her har det vore innspel til og møte med Telenor der IT-forum har spelt inn status og behov i


kommunane. Dette har vore knytt til å redusere ulempene for lokalsamfunnet og å få Telenor til å vente med å kople ned koparnettet til det finst alternative løysingar, særleg med dei nye utbyggingsprosjekta som er under utlysing eller utvikling i kommunane. I tillegg har det også vore viktig å stimulere kommunane til å söke nye prosjekt der det er varsla nedlegging av koparnettet.



Figur 8. Fylkesvis fordeling for nedstrøms kapasitet, sortert på andel husstander som kan få minst 100 Mbit/s.

Figur 1: Dekningsundersøkinga frå Nkom/Analysys Mason i 2020 er no strukturert etter dei nye fylka. Vestland har kome vesentleg lenger opp på dekning etter samanslåing av tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er likevel mykje uløyst i regionen.

- Analysys Mason -
Dekningsundersøkelsen 2019



Figur 5. Fylkesvis dekning for ulike kapasitetsklasser, sortert på andel husstander som kan få minst kapasitetsklasse 100/10 Mbit/s (Ref: Analysis Mason: Dekningsundersøkelsen 2019)

Figur 2: Siste dekningsundersøking der Hordaland og Sogn og Fjordane var oppdelt (2019)

Aktivitetar 2020

- Innspel til kriteriesett & evalueringsopplegg for utlysning av statlege midlar i 2020 hjå Vestland fylkeskommune
- Innspel til nye nasjonale kriteriesett til Nkom via Vestland fylkeskommune / Nasjonalt breibandråd
- Støtte kommunar og dialog med Telenor om nedbygging av koparnettet
- Møte med distrikts- og digitaliseringssminister Linda Hofstad Helleland, 15. juni, Loen i samarbeid med Sogn og Fjordane næringsråd – status Vestland og nasjonale løyvingar
- Møte med dekningsdirektør Bjørn Amundsen, Telenor, 15. oktober i Førde - mobilnett
- Digitalt seminar med kommunane i Vestland i samband med anbudsutlysing prosjekt 2020 og nye midlar 2021 i regi av Vestland fylkeskommune

Plan for 2021

1. Løfte fram regionale eksempel på viktigheten av breiband
2. Følge opp dei attverande kommunane sitt arbeid med å lage enkle strategiar/planar for ferdigstilling av restområder med dokumentasjon av behov, tidsplanar og finansiering.

3. Følge opp saman med kommunane at Telenor sine planar for nedlegging av koparnettet innan 2023 blir mest muleg tilpassa planar om ny utbygging.
4. Formidle behov og ha dialog med leverandørane i regionen
5. Delta i utvikling av ny/oppdatert strategi for breiband saman med Vestland fylkeskommune
6. Påverknad av nasjonale styresmakter for å sikre finansiering til breibandutbygging, og sikre opne og rettferdige kriterier for tildeling av midlar.
7. Oppfølging av utfordringar knytt til mobilnettet i regionen



Møte i Loen mellom distrikts- og digitaliseringsminister Linda Hofstad Helleland og IT-forum Vest ved styreleiar Christiane Ulriksen.



Møte i Loen. Maren Aasan (politisk rådgjevar), Anne Karin Hamre (Ekspedisjonssjef i regionalavdelinga KMD), Ivar-Petter Grøtte (IT-Forum Vest), Arild Bødal (Styremedlem Sogn og Fjordane Næringsråd, Richard Grov (dagleg leiar Alexandra hotell/Loen Skylift), Linda Hofstad Helleland (Distrikts- og digitaliseringsminister) og Bjørn Lødemel (dagleg leiar i Næringsråd Sogn og Fjordane). Foto: Christiane Ulriksen

4.2 Velferdsteknologi

Velferdsteknologi har stor merksemd i kommunane i Vestland. Velferdsteknologi er ei av løysingane som skal gjere helse- og omsorgssektoren i stand til å oppretthalde og auke kvaliteten på tenestene i åra framover trass i auke i tal personar med behov for pleie- og omsorgstenester, medan talet på helsepersonell er forventa å gå ned. Satsinga på velferdsteknologi er tydeleg forankra i ei rekke NOU-ar og stortingsmeldingar som legg føringar for kommunale helse- og omsorgstenester. Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP) er eitt av fundamenta i kvalitetsreforma for eldre – «Leve heile livet». Stortingsmelding 7 (2019-2020) «Nasjonal helse- og sykehusplan» tydeleggjer at det er pasienten sin helseteneste. Og tenesta skal oppfattast og leverast presist, forståeleg og samanhengende, og når det er muleg, i pasienten sin heim. Vidareutvikling og bruk av teknologi og relevant kompetanse i eit tverrfaglege samarbeid er hovedelementa for å realisere planane.

Velferdsteknologi, avstandsoppfølging og andre digitale verktøy har i løpet av 2020 vist seg å vere til stor nytte i krisesituasjonar som Covid-19-pandemien ved å bidra til å trygga brukarar av helse- og omsorgstenestene, hindre smittespreiing og frigjere tid for helsepersonell. Covid-19-stituasjonen har til fulle vist det store potensialet og nytten av e-helse og velferdsteknologi.

Frå 2020 gjekk Hordaland og Sogn og Fjordane saman i Vestland fylke. Dette har hatt konsekvensar for nettverka i dei tidlegare fylka. «Fylkesprosjektet - *Velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane*» var den viktigaste drivaren, kunnskapsformidlar og organisator for innføring av velferdsteknologi i fylket. Prosjektet har hjelpt kommunane å komme med i det nasjonale programmet og har i tillegg gjennomført ei rekke aktivitetar både før det nasjonale programmet og som eit supplement til det nasjonale programmet. Satsinga har vorte eit heilt nødvendige kunnskapsnettverk og råmeverk for systematisk mobilisering, utvikling og ei spreiing av velferdsteknologi i Sogn og Fjordane.

«Vestlandsprosjektet» har hatt same rolle for kommunar i Hordaland. Vestlandsprosjektet har vore organisator og drivar for å få implementert og anskaffa velferdsteknologi i kommunane. I tillegg har prosjektet hatt ansvar for felles kompetanseheving, nettverksbygging og felles anbodsprosess for fleire kommunar. Vestlandsprosjektet starta som «Nordhordlands- prosjektet» med ti kommunar i oktober 2017.

Desse to tidlegare nettverka og miljøa har i løpet av 2019 og 2020 arbeidd seg saman, teke med alle 33 partnerane og utvikla eit felles prosjekt det samarbeidet no er 100% integrert. Alle 43 kommunane i Vestland fylke er invitert inn i arbeider i 2021 og er i ferd med å bli deltakarar.

Prosjektsamarbeidet har sidan starten hatt som mål å samarbeida med og bygge på andre relevante prosjekt og initiativ i Vestland. Dei to viktigaste tilgrensande satsinga for kommunane er Digi Vestland og KS e-komp. Sunnfjord kommune har formell kontakt med styringsgruppa i Digi Vestland om felles medlemmar i styringsgruppene i prosjekta.

Arbeidet vårt konsentrerer innsatsen om brukarsida (tenesteytarane i kommunane og tenestemottakarane inkl brukarorganisasjonar), ikkje tekniske komponentar og infrastruktur. Hovudinhaldet er tenesteutvikling og omstilling, kompetanseheving og opplæringstiltak i kommunane, dialog med brukargruppene i lokalsamfunnet, felles evaluering og kunnskapsutvikling og dermed også i stor grad kunnskapsutveksling mellom eit stort tal kommunar i nye Vestland. Målet er at tenestetilbodet skal vera mest mogeleg brukartilpassa, effektivt, av god kvalitet og i samsvar med nasjonale føringar over heile Vestland fylke. Det er ikkje lagt opp til anskaffing av utstyr/plattform.

Samarbeidspartnerane i 2020 var:

- 33 kommunar i Vestland fylke med Sunnfjord kommune som prosjekteigar
- USHT Sogn og Fjordane
- USHT Hordaland
- Helse Vest IKT
- Alarmentralen i Florø
- Høgskulen på Vestlandet
- Vestlandsforsking

Partnerane med Sunnfjord kommune søkte om «Fornyingsmidlar» hjå Statsforvaltaren i Vestland i 2020 og fekk ei løyving på heile 3,25 mill kr. Dette er den største løyvinga nokon gong, og har gitt ein stor aktivitet i heile fylket.

Aktivitetar i 2020:

1. Forsterke effekta og dyrke fram eit Vestlandsnettverk for velferdsteknologi
2. Dokumentere gode eksempel på behov i Vestland
3. Formidle behova regionalt og nasjonalt
4. Erfaringsoverføring med utdannings- og opplæringsinstitusjonane
5. Utvikle samarbeid med spesialisthelsetenesta i Vestland
6. Utvikle oppfølging av «Helsenæringsmeldinga»
7. Evaluere sikkerheit, personvern og kompatibilitet
8. Utvikle fagleg samarbeid mellom responsenter

Planane for 2021 er vidareutvikla til følgjande hoveddeler:

1. Forsterke effekta av og vidareføre Vestlandsnettverk for velferdsteknologi
2. Vidareutvikle arbeidet med digital heimeoppfølging i samarbeid sjukehus og kommune
3. Vidareutvikle fagleg samarbeid mellom responsentra
4. Sikre kompetanseutvikling mellom alle kommunar og utdanningane, inkl kompetanseplan
5. Vidareutvikle delområdet tenester til barn og unge med nedsett funksjonsevne
6. Vidareutvikle delområde å motverke einsemd blant eldre

4. 3 Oppvekst og utdanning

Nettverket arbeider på tvers av alle oppvekst- og utdanningsnivå (barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og høgskule). Arbeidet har særleg vore knytt til ein stor årleg

konferanse på Hotell Aleksandra. Konferansen har årvisst samla over 100 deltagarar, nokre år rundt 200.

Aktiviteten i 2020 vart hardt råka av Covid-19 situasjonen i skulane. Nettverket drøfta status og muleg løysingar utover våren, men valde til slutt å ikkje gjennomføre konferansen, heller ikkje digitalt. Ein digital konferanse vart vurdet som mindre gunstig sidan møtearenaen i Loen og samtalane direkte og i ulike gruppearbeid, har vore kjernen i aktivitetane.

Nettverket har hatt eit prosjekt frå «Fornyingsmidlane» hjå Statsforvaltaren i Vestland, og søkte om forlenging med eit år for aktivitetane planlagde i 2020. Prosjektet "Vidare satsing på IKT som læremiddel 2019-2021" fekk tildelinga kr 150 000 i 2019. Leiari er Ole Henrik Mølmann, Vestland fylkeskommune. Hovudmålet for prosjektet er å støtte oppunder at barn og elevar skal oppnå måla i rammeplanar og læreplanar samt at born og unge i fylket vår skal bli digitalt kompetente borgarar, med god nok kompetanse i digitalt utstyr og god nok digital dømekraft til å kunne takle utfordringane dei vil møte i framtida. Dette ønskjer vi å oppnå gjennom å auke kompetanse og bevisheit rundt IKT som grunnleggande ferdighet, gjennom deling av kunnskap, tilkjennegjering og auka bruk av digitale ressursar.

Aktivitet 2020

Trass store utfordringar med Covid-19 seinare i året, klarde nettverket å gjennomføre ein planlagd studietur før pandemien til BETT-messa 20-25. januar der fem personar frå nettverket deltok.

BETT Show er ei av verdas største teknologi- og utdanningsmesser. På det årlege arrangementet i London i januar deltek mange pedagogar, leverandørar, forlag og offentlege aktørar frå Noreg. Det er fleire aktørar som arrangerer skreddarsydde opplegg med skulebesøk og andre samlingar som skapar meirverdi for deltakarane. Deltakinga var også knytt til eit slikt fagleg program frå Norsk Pedagogisk Dataforening, NPeD.

Deltakaran henta gode idear, erfaringar og inspirasjon til bruk i vidare samarbeid frå skulebesøka, besøk til leverandørar som Google, Microsoft og Apple, og dei gode faglege og sosiale samlingane i regi av NPeD.



Bilde: Studietur BETT London.

4.4 Digitaliseringsnettverk

KS sette i 2019 i gang ei utgreiing av mogelege samarbeidsformer knytt til digitalisering. Kommunane skulle gå inn i eit eit tydelegare og meir forpliktande samarbeid. Utfordringane er særleg knytt til dei nasjonale felleskomponentane for digitalisering i kommunane. Dei minste kommunane er ikkje rigga til å stå for implementering, naudsynt tenesteinnovasjon og å ta ut vinstane av desse store satsingane.

Kommunane har no knytt seg til Digi Vestland for samarbeidet er knytt til dei nasjonale felleskomponentane for digitalisering. Velferdsteknologi og breiband blir vidareførd som aktivitetar i IT-forum Vest. «Digitaliseringsnettverket» som eigen aktivitet blir då avvikla frå 2020.

4.5 Rekruttering og mangfold

IT-forum arbeidde i fleire år arbeidd med å reetablera ei IT-utdanning på Høgskulen i Sogn og Fjordane. Med finansiering frå Innovasjon Norge, Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane og INU-midlane ei ny bachelor-utdanning utvikla. Dei 20 første studentar starta hausten 2018, og det har vore nye opptak i 2019 og 2020.

Satsinga er svært viktig for IT-forum og blir føld opp med aktivitetar både for rekruttering av studentar, rekruttering av lærarar og å følgje opp dei studentane som er i gang med studiet. Nokre av studentane har falle frå, men studiet er no ein viktig og vesentleg del av teknologiutdanninga ved Campus Førde.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Sunnfjord Utvikling og Høgskulen på Vestlandet har gjennom «Studentjobb» fått med seg bedrifter som vil tilby løna relevant erfaring for studentar som går på teknologiutdanning i Førde. Når ein søker studieplass ved tekniske fagretnigar i Førde skal ein vera garantert ein relevant deltidsjobb med 5-20 timer i veka. So langt har 17 bedrifter i Sunnfjord inngått forpliktande samarbeid. Dette tiltaket er viktig for å sikre studieplassane og auka søkartalet. IT-forum Vest har formidla informasjon om oppleget og delteke på møte.

Arbeidet skal også ta opp viktig problemstillingar knytt til å få betre rekruttering av jenter/kvinner til teknologiutdanningar og til arbeidsplassar innanfor teknologi. Regionen har stort behov for teknologisk arbeidskraft, og ei betre rekruttering frå alle potensielle grupper har høg prioritet.

Prosjektet Kvinneløftet – FixIT i regi av Vestlandsforsking og i samarbeid med IT-forum har utvikla spesialtilpassa informasjons og motivasjonsopplegg, seinast i digital versjon i 2020.

5. Nokre mediesaker 2020

TU DIGINO INSIDE TELECOM DISKUSJON VEIER24 TU JOBB

INSIDE TELECOM

Breiband – det raskaste samferdsleprosjektet

Breiband er det mest effektive, rimelegaste og raskaste realiserbare samferdsleprosjektet, skriv Anne Mette Hjelle i IT Forum Vest.



DEBATT

Anne Mette Hjelle, leiar i IT-forum Vest skriver at eit svar på koronakrisa er å bygge breiband. (Foto: Håvard Fossen, InsideTelecom.no)

Anne Mette Hjelle, leiar i IT-forum Vest 5. april 2020 - 07:59

Mange opplever no eit svært urettferdig skilje mellom dei som har høghastigkeit-breiband og dei som enno sitt med gamle og trege kommunikasjonsnett med lav kapasitet. Responsen må vere mer til breiband. Det er det mest effektive, rimelegaste og raskaste realiserbare samferdsleprosjektet i landet.

I desseinaste krisepakk har regjeringa signalisert 150 millionar kroner ekstra til breiband i 2020 og 2021. Vi er glade for dette, men behovet er mykje større for å gje alle ein heilt nødvendig og likeverdig mulighet til å delta i eit moderne samfunn.

A halde hjula i gang

Koronapandemien har snudd opp ned på det meste den seinaste tida. Og vi har verkeleg komme i ein situasjon der tilgang på høghastighets-breiband er avgjørende for å halde hjula i gang både for private hushaldningar, bedrifter og det offentlege. Nettbasert kommunikasjon er blitt ein svært tydeleg del av god beredskap og samfunnssikkerheit og innbyggjarane sine muligheter for å få gjennomført heilt grunnleggande arbeidspøppgåver.

Men mange opplever no dessverre eit svært urettferdig skilje mellom dei som har høghastigheits-breiband og dei som enno sitt med gamle og trege kommunikasjonsnett. Familar må ha godt nok breiband for at barn og ungdom skal kunne delta i skuleopplegg medan foreldra kan arbeide via nett og delta i video møte. Dette er avgjørende for bedrifter og det offentlege. Dårlig breiband gir unedige problem i arbeid, og barn og ungdom får dårligare deltagning i digitale skuleopplegg og kan få mindre digitalt sosialt samvirke med klassekamerater.

Mange har dårlig tilbod

God breiband-infrastruktur har stor samfunnsmytte, og er eitt av dei viktigaste samferdsleprosjekta i eit moderne samfunn. Dette har difor vore eit satningsområde for IT-forum som saman med fylkeskommunen og kommunane i Sogn og Fjordane har arbeidd 15 år med å sikre stadig betre breiband til alle. Gjennom å stå saman, har Sogn og Fjordane lukket bra med å få utelest statlige midlar, men det står enno att mange område som har allfor dårlig tilbod. Dette jobbar vi vidare med i eit IT-forum som no også har opna for samarbeid i tidlegare Hordaland.

Det er svært viktig at statlege styresmakter bidreg til at alle innbyggjarar og verksemder i landet har heilt nødvendig og likeverdig mulighet til å delta i eit moderne samfunn. Erfaring viser at ei statleg krone utlyser minst 2 kroner lokalt. Det er stort behov og vilje til å få til løysingar, men det trengst eit spesialeig og eit partnerskap for å få det til.

Anne Mette Hjelle, leiar i IT-forum Vest

TU DIGINO INSIDE TELECOM DISKUSJON VEIER24 TU JOBB

INSIDE TELECOM

Bergen Fiber inn i IT-Forum Vest

Som første medlem fra det tidligere fylket Hordaland, er Bergen Fiber nå del av organisasjonen IT-Forum Vest.



Dette nye medlemmet i IT Forum Vest er indirekte eid av kommuner og har under koronakrisa økt aktiviteten for å holde hjulene igang og fordi de merker økt etterspørsel etter stabilt bredbånd via fiber. Som bildet viser, er det mye brostøn som skal flyttes for å få fiberrennere ned i bakken i Bergen. (Foto: Håvard Fossen, Dagen.no)

Håvard Fossen 29. mai 2020 - 08:15

Bergen Fiber ønskes velkommen til foreningen av styreleder for IT-Forum Vest, Christiane Ulriksen. Hun er til daglig foretakssjef og markedsansvarlig i Eninvest. I en pressemelding sier hun at å få Bergen Fiber som første medlem fra det tidligere Hordaland, betyr mye. Bakgrunnen er at IT-Forum Vest tidligere het IT-Forum Sogn og Fjordane. Etter regionsreformen er navneendringen har foreningen i 2019 utvidet nedslagsfeltet sitt.

10.000 nye kunder per år

Bergen Fiber har rundt 46 000 bredbands- og TV-kunder i privatthus og boligbyggerlag. Selskapet er eid av BKK og Lyse og tilbyr tjenester fra Altibox. Selskapet forventer en omsetning på rundt 390 millioner kroner i 2020.

I pressemeldingen går det fram at Bergen Fiber i gjennomsnitt har fått rundt 10 000 nye privatkunder hvert år og at internett-trafikken har økt med mer enn 50 prosent i året de siste årene.

[Let blogginnlegg](#) skriver Bergen Fiber-direktør Tore Nyhammar at Korona-krisen har ført til at stadig flere baserer mer og mer av sin virksomhet på digitale tjenester og virkemidler.

– Det gjør at vi venner oss til et hverdag hvor vi er avhengige av stabil og kraftig nettkapasitet. Aldri har vel stabile nett-tjenester vært mer kritiske enn nå, skriver han i innlegget.

Nyhammar forteller at Bergen Fiber ønsker å bidra til å holde hjulene i gang i samfunnet. Derfor har det indirekte kommunalt eidde selskapet økt utbyggingsstakten under koronakrisen.

For både by og land

I pressemeldinga fra IT-Forum Vest skriver Christiane Ulriksen at de i dialogen med Bergen Fiber i forkant for innmeldinga har lært at det er utfordringer med å få fram bredbånd i bynære strok. Det ønsker foreningen å bidra til å løse, selv om hun understrekker at foreningen også vil fokusere på bredbåndsutbygging i distrikene.

Presiseringen er øpenbart rettet til de eksisterende medlemmene i en organisasjon som har utgangspunkt i Sogn og Fjordane, som ble slått inn i det nye fylket Vestland ved årsskiftet.

Fra før er både bredbandsaktørene Eninvest og Sognenett medlemmer i IT-Forum Vest, sammen med Telenor, Årdalsnett og Nordfjordnett. I tillegg er en rekke andre institusjoner tilknyttet.

– IT-Forum Vest er en organisasjon for dem som vil bidra til at Vestland er blant de beste regionene til å benytte IT i næringsliv, offentlig sektor, opplæring og utdanning, skriver Ulriksen i meldingen, og sier Bergen Fiber vil passe godt inn som medlem og bidragsyter for bredbåndssatsinga.

<https://www.insidetelecom.no/artikler/debatt-breiband-det-raskaste-samferdsleprosjektet/489451>

<https://www.insidetelecom.no/artikler/bergen-fiber-inn-i-it-forum-vest/493095>

FIRDA årets
ÅRSMETTINGSTAD

Tips oss Sympasjeklubben Bildesearer Kjøpe annonse Krimserien Outlast

Meny

RADISSON HOTELS

VÅRSALG Optil 25 % rabatt på opphold frem til 23. mai.

GRATIS AVTAKSLISTE! KJØP AVTAKSLISTEN

-25%

IT ARBEIDSLEIV REKRUTTERING

IT-forum ber medlemmanne om å undervise på IT-utdanninga



STYRELEIAR: Christiane Ulriksen, styreleiar i IT-forum Vest.

Av Ingrid Årdal

Høgskulen på Vestlandet (HVL) etterspør førelesarar frå organisasjonar i regionen for å skape eit bedre fagmiljø. IT-forum Vest oppmodar sine medlemm om å bidra.

HVL ber om folk som kan jobbe ei 10-20% stilling i tillegg til vanleg jobb, med oppstar frå hausten. IT-forum Vest håpar flere verksender kan bidra til undervisning på IT-studier i Førde.

- Vi har mange bedrifter med spisskompetanse, og akkurat den er fin å engasjere, HVL har godt innhald i sine studiar, men det vil vere bra om ein kan berike det med å bruke lokale førelesarar, for eksempel innan programvare, der folk i bedrifter jobbar med spennande løysingar. Studentane vil å nært innblikk i IT-praksis, medtan arbeidslivet tillegg får moglegheit til å bli kjent med potensielle kandidatar. Det er vinn-vinn, seier Christiane Ulriksen, styreleiar i IT-forum Vest.

HVL etterspør folk med grad innan IT. Heilt mastergrad, men minstekrav er utblantning på bachelor-nivå. Aktuelle sekarar ber ha en grad innan IT, datateknologi, informatikk eller liknande. Dei håpar å leye studentane for undervisningsbehovet i Førde, men også å eksponere studentane for kompetanse frå næringslivet og andre sektorar.



Dinside.no, 30.06.20

Det beste elbilkjøpet akkurat nå: Vi er imponerte!

- Det som blir tilsinten får ein god jobb på CV-en, i tillegg til dialog med unge folk som studerer. Det stiller kanskje spørsmål som ein ikkje har vurder sjølv frå ulike problemstillingar. Det er givande arbeid å kunne utvide horisontane på ein slik måte, seier Ulriksen.

Ho meiner det er gode muligheter for arbeidsgivarar å kunne bidra med meir fleksibilitet i den vanlige arbeidsstida for dei som skulle ta på seg 10-20% stillingane som førelesarar. I føge Ulriksen er det også ein god måte for bedrifter å dele sin spisskompetanse.

<https://www.firda.no/it-forum-ber-medlemmanne-om-a-undervise-pa-it-utdanninga/s/5-15-1020861>

Firdaposten

Del avis med familiene! KLIMA-HED

Dagsavisen Direktesport Avsarkivet Pod Kjøp annonse

Meny

NYHEITER UTDANNING IT

Dei vil ha IT-lærarar som kjem frå bransjen sjølve



Christiane Ulriksen, styreleiar i IT-forum Vest. Foto: Barne Fonn Skar

Av Liv Standal

Publisert: 14.07.20 06:56

Def

IT: For å skape eit betre fagmiljø ved IT-utdanninga i Førde, ber Høgskulen Vestlandet (HVL) folk som jobbar med IT om å bli førelesarar hos dei.

For abonnementar

HVL ser føre seg at det skal vere mogleg å ha ei 10-20 prosents stilling som førelesar i tillegg til vanleg jobb, og dei ønsker slike førelesarar allereie frå hausten av. IT-forum Vest oppmodar både eigne medlemmar og andre om å bidra for å lage fagmiljøet.

Det er vedtike å ta opp eit tredje kulf ved utdanninga, sjølv om sakartala kunne vere betre. HVL og IT-forum Vest ser føre seg at både studentar og næringslivet ville dra fordelar av ei ordning der folk frå næringslivet underviser ved andre sektorar.

- Studentane får profitere på kunnskap rett frå praksisen, og næringsliv og organisasjonar får tillegg have til å knyte gode kontaktar til framtidige arbeidsakarar. Vi håpar og på at initiativet aukar mangfader i fag- og studiemiljøet på sikt, og oppmodar også verksender om å legge ut enno flere tilbod om relevante sommar- og ekstrajobbar på framtdsfylket.no, for dette stårta opp under studiet, seier Christiane Ulriksen, styreleiar i IT-forum Vest.

Førelesar-stillingane det er tale om, er oftest på åremål i alt frå eitt semester til to-tre år, og den som blir tilsatt har ein grad innan IT-, datateknologi, informatikk eller liknande - heilt ein master. Tanken er å ikkje berre leye undervisningsbehovet i Førde, men også at det er bra for studentane å bli eksponerte for lærarkefjer frå næringsliv og andre sektorar.

IT-forum Vest var sentrale i opprettninga av studiet ved HVL, og sjølv om IT-utdanningsprosjekta til forumet er avslutta, så står det att eit viktig arbeid for å sikre eit levedyktig IT-studium i regionen vår, meiner forumet, som har jobba med saka sidan 2014.

- Og dette arbeidet har vist oss at ikkje noko kjem gratis og av seg sjølv. Det må heile tida jobbast for å halde studiet oppe.

Les meir om: Nyheter Utvikling IT

<https://www.firdaposten.no/dei-vil-ha-it-lararar-som-kjem-fra-bransjen-sjolve/s/5-16-414849?key=2020-07-14T06%3A56%3A31.000Z%2Fopoint%2F53412b37ed73fc1066e9ed2a1191b623ae3184af&access=grante>

VESTLANDSFORSKING

PROSJEKT PUBLIKASJONAR TILSETTE OM OSS COVID-19

Søk



NO | EN

Flere kvinner i teknologirelatert innovasjon - En veileder basert på prosjektet Kvinneløftet FixIT

AV: Hilde G. Cornelussen, Gilda Seddighi

TEKNOLOGI OG SAMFUNN
Kultur, identitet og teknologi

RAPPORT

ID: Mai 2020
UTGJEVAR: Stiftinga Vestlandsforskning

Selv om innovasjon er oppfattet som sentralt for samfunnsutvikling, er det få kvinner som deltar i forskingsbasert innovasjon. Dette gjelder særlig i teknologiutvikling innen fagfelt der kvinner utgjør et mindretall. 'Kvinneløftet FixIT' hadde som mål å bidra til å øke kvinnenes deltagelse i forsknings- og innovasjonsfeltet i Sogn og Fjordane og Hordaland. FixIT har holdt foredrag og kurs om kjønnsbalanse i prosjektene som er knytt til Forskningsrådet sitt program FORREGION, som mobiliserer næringslivet til forskingsbasert innovasjon. Vestlandsforskning har drevet FixIT i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og en rekke regionale partnere. I samarbeid med partnerne har prosjektet bidratt til å identifisere, mobilisere og rekruttere kvinner til innovasjonsprosjektene.

Et av målene for FixIT var å utarbeide en "balansekompetansepakke" som skulle bidra til å øke oppmerksomhet og kunnskap om kjønnede strukturer i forsknings- og innovasjonsfeltet. Det ble holdt balansekompetanseforedrag for innovasjonsaktører fra privat og offentlig sektor, med mål å øke kompetansen blandt FORREGION-deltakere om mekanismer som kan fungere inkluderende og ekskluderende. Et sentralt tema har vært kunnskap om hvilke virkemidler man kan ta i bruk for å sikre bedre kjønnsbalance. Til slutt har aktivitetene blitt evaluert og balansekompetansepakken er gjort tilgjengelig for andre Forregion- og innovasjonsaktører.

Vestlandsforskning ved Hilde G. Cornelussen var prosjektleder for FixIT, som var et samarbeid med Høgskulen på Vestlandet med representanter fra FORREGION-prosjektene Teknoløft Sogn og Fjordane og Kabis i Hordaland. I tillegg var en brei sammensatt gruppe som inkluderer privat og offentlig sektor involvert, med IT-forum Sogn og Fjordane (nå IT-forum Vest) og Innovasjon Norge samt kvinnettverkene Girl Geek Dinners i Førde og Bergen og Oda-nettverket for 'kvinner i tech', avdeling Bergen. FixIT har vært tett knyttet til Nordwit – et nordisk 'Centre of Excellence' som forsker på kvinner i teknologirelaterte karrierer (nordwit.com), og som danner det forskingsbaserte kunnskapsgrunnlaget for balansekompetansepakken.

VF rapport 11-2020

INNOVASJON, TEKNOLOGI, BALANSEKOMPETANSEKURS

RESULTAT AV PROSJEKT:

PROSJEKT

01.12.2018

Kvinneløftet FixIT – aktivitetar for å auke kvinner si deltaking i innovasjonsprosjekt (FORREGION)

PROSJEKTLEIAR:

Hilde G. Cornelussen
FORSKAR

<https://www.vestforsk.no/nn/publication/flere-kvinner-i-teknologirelatert-innovasjon-en-veileder-basert-pa-prosjekte>

NRK RADIO **Søk og kategori** **Logg inn**

Distriktsprogram - Sogn og Fjordane

Radiosendingar frå NRK Sogn og Fjordane.

April 2020

Sogn og Fjordane i dag
215 min • 30.04.2020

Lokalnytt
7 min • 30.04.2020

Lokalnytt
7 min • 30.04.2020

Lokalnytt

Sogn og Fjordane i dag
24.04.2020 • 2157 min

God fredag! Fredagsgjest Christiane Ulriksen vaks opp på ei aude øy. Denne helga laga ho datafest for 600 ungdommar. Vi besøker artisten Line Dybdal som har funne roen midt i korona-krisa. Vi får også ønskje eit nyttefullt lam inn i verda, vi testsløyser 17mai-biltoget i Førde og vi helsar kongeskipet i Flora.

<https://radio.nrk.no/serie/distriktsprogram-sogn-og-fjordane/sesong/202004/DKSF02007920>

Ålesund, 03-04. juni 2021

TELECOM World

Telecom Revy

Christiane Ulriksen er en sterkt ambassadør for breiband til alle.

Breiband-ambassadør ny leiar i It-forum Vest

Christiane Ulriksen i vald til ny leiar i IT-Forum Vest. Ho har lenge markert seg som ei idøselj for breiband i distrikta.

AU ARNE JØRAN

Vi kjenner Christiane Ulriksen som ein breiband-aktivist med eit brennande engasjement for alle. Ho er tilsett i Eninvest og er tidsvis så engasjert og aktiv at ho til og med set den høgt profilerte sjefen sin i skuggen.

- Eg er svært gladd for å vere vald som ny styreleiar i IT-Forum Vest, seier Christiane Ulriksen, Eninvest. - Vi er i ein spennande periode med mykje aktivitet der energia og IT-forum Sogn og Fjordane til IT-Forum Vest i før var ein veldig målpoeng. Vi hjem til å auka aktiviteten i distrikta Hordaland. Hovedsatsingsområda er breiband, velferds teknologi, oppvekt og utdanning og digitalisering.

- Sidan eg hegnete i Eninvest i 2015, har eg opplevd IT-Forum som ein viktig møteplass for nettverksbygging og erfaringsutvikling. Eg har vore styremedlem i 3 år, først med Gunnar O. Hærdet frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som styreleiar og dei siste to år med Anne-Mette Helle fra Loten og Stiftelsen Styrmann som styreleiar. Sidan stifting av IT-Forum Vest har eg bidrige som nestleiar. Eg har et sterkt ønske om å bidra til at IT-Forum fortset å lukkaast framover, seier Ulriksen.

- IT-Forum er ein organisasjon for dei som vil noko, og spesielt å bidra. Eg meiner at det gode samarbeidet mellom næringsliv, offentlig sektor og akademia er ein viktig grunn til at IT-Forum Sogn og Fjordane har lukkaast og at også IT-Forum Vest hjem til å lukkaast framover. Den viktigaste suksessfaktoren med IT-Forum er å samle ulike samfunnssektarar for å definere utfordringane, sette mål og prioritere tiltak. IT-Forum fellesskapet har opprådd langt bedre resultat enn aktarane kvar for seg kunne ha fått til. Eitt slikt eksempel er breiband-utbygging der satsinga har betydd mykje for fiberutbygginga i det tidlegare Sogn og Fjordane, seier ho.

SØK

DELTIPS EN VENN

<https://www.telecomrevy.no/hjem/breiband-ambassador-ny-leiar-i-it-forum-vest/>

Gorten.no Jobb i Sogn Primstavsen Tips oss

PRP/ACP-Tendo

Ved å bruke ACP metoden injiserar vi pasienten sine eigne blodplater kalla PRP = platerikt plasma. Dette fremjar tilhelinga i vevet. Blodplater også har ein gunstig effekt på slitasjegjikt i ledda.

Vert nyttig ved slitasjegjikt (artrose) i kne-, hofte- eller ankelledd.

Bestill time hos Maro Frettason

- Tennisbalbane eller golfbalbane
- Akillesenseskader (kroniske og akutte)
- Ledbandskader, spesielt ledband i kneet
- Muskelavrivingar
- Brot som gror dårleg
- Bruskskadar



Frode Kyrkjebo(s) er ny nestledar, og Christiane Ulriksen(s) er ny leiar i IT-Forum Vest (Foto: IT-Forum Vest)

Nye i leiinga i IT-Forum Vest : – Det er ein organisasjon for dei som vil noko

Det seier nyvald leiar Christiane Ulriksen. Ho har vore med som styremedlem, og nestleiar, men ser no fram til å jobba som styreleiar i organisasjonen.

AU JANNE MERITI ØYVIND | PUBLISERT 7. APRIL 2020 - 16:00

[Facebook](#) [Twitter](#)

Vestland: - Eg er svært glad for å vera vald som ny styreleiar i IT-Forum Vest. Det er ein organisasjon for dei som vil noko, og som ønsker å bidra, seier Christiane Ulriksen, Eninvest i ei pressemelding.

Sidan ho starta i Eninvest i 2015 har ho opplevd IT-Forum som ein viktig møteplass for nettverksbygging og erfaringsutvikling.

- Eg meiner at det gode samarbeidet mellom næringsliv, offentlig sektor og akademia er ein viktig grunn til at IT-Forum Sogn og Fjordane har lukkaast, og at IT-Forum Vest kjem til å lukkaast framover.

Endringa av IT-Forum Sogn og Fjordane til IT Forum Vest i fjor var ein viktig millepå. Hovudsatsingsområda er breiband, velferds teknologi, oppvekt og utdanning, og digitalisering.

Ho har vore styremedlem i 3 år, og sidan stiftinga av IT-Forum Vest har ho bidrige som nestleiar.

Frode Kyrkjebo, KS Vest-Norge vart vald til nestledar i IT-Forum Vest, og ser fram til å halde fram arbeidet i foreininga.

Vidare i pressemeldinga står det at del andre styremedlemmane i IT-Forum Vest er Nils Erling Yndesdal, Fylkesmannen i Vestland, Reiel Haugland, Sparebanken Sogn og Fjordane, Paul Fosdal, Vestland fylkes-kommune, Bjørn Lødemel, Sogn og Fjordane næringsråd og Geir Anton Johansen, Heggskulen på Vestlandet.

* Les også: [Sogn Green og Lærdal Golbane blant mylbikora i verka som gikk](#)



Hadde 280 000 kveitar dei ikkje felkt selt då Europa stengde ned. Då byrja ein stor jobb med å omstille seg raskt



Fekk draumajobben i turlaget. No ser ho fram til å hjelpe lokallaga med å få folk på tur

<https://www.porten.no/artiklar/ny-leiar-i-it-forum-vest-det-er-ein-organisasjon-for-dei-som-vil-noko/489598>

Telecom Revy

MENY SIDE LOGG UT

HJEM XPRESS NYHETER MOBIL TELECOMMENTAR BREDBÅND BESTILL ABONNEMENT



Også fjellheimen fibres - Kommunikasjon blir et stadig sterkere element i nordmenns frihetsbegrep, sier Ame Joramo.

SE FLERE KOMMENTARER (+4)

TELECOMMENTAR:

Også fjellheimen fibres

- Kommunikasjon blir et stadig sterkere element i nordmenns frihetsbegrep, sier Ame Joramo.

TELECOM REVY XPRESS:

«Framtidas telefoni ustabil»

Miljøvern mener 5G er et eksperiment på folkehelsen

Dette kameraet har ingen andre

Norske toppledere mer redde for IT-angrep enn pandemien

Mangelfull datasikkerhet i to av fem kommuner

Stortingsansatte brukte ikke totinnsverifisering

Må en retromobil være dårlig?

Apple gir opp HomePod 2018

Skattemeldingen er videreført og forenklet

ChromeOS feirer 10 år med storoppdatering

Google Maps-brukerne får lov til å tegne i kartene igjen

Norsk IT-bransje underpresterer på Facebook

MEST LEST

Kampen om Bergens siste 13 000 k ...

Fibemarkedet blir halvert fra 2023

Nettstar blir Bergen Fiber-partner

Nkom legger Telenor bot på 15 m ...

Hun er en av landets fremste tek ...

toppmøte i Loen da IT-Forum Vest møtte digitaliseringsministeren.

På bildet fra venstre: Bjørn Lædemel (daglig leiar i Næringsråd, Sogn og Fjordane) Christiane Ulriksen (Styreleiar IT-Forum Vest) og Linda Hofstad Helleland (Distrikts- og digitaliseringsminister)

Foto: Anne Karin Hamre

17.06.2020

IT-Forum Vest møtte digitaliseringsministeren

IT-Forum Vest understrekta viktigheten av statlige bredbåndsmidler i møte med digitaliseringsminister Linda Hofstad Helleland.

AV GISLE ORLUND

IT-Forum Vest tok opp det faktum at Sogn og Fjordane lenge har lagt i tet i utbygging av bredbånd her til lands. Dette har man klart gjennom et tett samarbeid mellom kommuner, fylket og IT-Forum. I 2019 ble det imidlertid innført ny tildelingskriterier som har gitt en del uehdige utslag både i Sogn og Fjordane og distrikts-Norge forøvrig. De nye tildelingskriteriene har fått det utslaget at tildelingene er blitt redusert. Dette var noe av fokuset da IT-Forum Vest ved sin styreleiar Christiane Ulriksen møtte ministeren.

IT-Forum Vest har forståelse for at nedlegging av kobbernettet skaper utfordringer også i sentrale strøk, men forumet mener at områder i distriktenes som i tillegg til mangel på godt nok bredbånd også har svært dårlig mobiledkning, må prioriteres høyt. De som bor slike steder har ikke alternativ og bredbåndmidlene bør brukes der det er størst behov. Forumet ønsker om å kunne komme med innspill til tildelingskriteriene før midlene i 2021 blir fastsatt.

IT-Forum Vest meiner at erfaringene fra koronapandemien viser at alle bør få bredbånd snarest mulig. Pandemien har vist at det er faktisk et realistisk scenario at begge foreldre og barn arbeider hjemmefra samtidig, gjerne via videokonferanse. De som har tilgang på høyhastighetsbredbånd kan være med, mens de med dårlig bredbånd slit. Situasjonen har tydelig vist at høyhastighetsbredbånd har svært stor samfunnsnytte.

It-Forum Vest hadde disse innspillene:

- Øke bredbåndstilskuddet slik at alle snarest mulig får tilgang til høyhastighetsbredbånd
- Rettferdige, transparente og forutsigbare tildelingskriterier
- Ambisjøse kapasitets- og dekningsmål
- Bedre mobiledkning der teknologi er 4G/5G.
- Fylkesvis og lokale bredbåndsråd/bredskapsråd

SKRIV UT DEL/TIPS EN VENN

<https://www.telecomrevy.no/hjem/it-forum-vest-motte-digitaliseringsministeren/>

2021

Telecom Revy

HJEM XPRESS NYHETER MOBIL TELECOMMENTAR BREDBÅND BESTILL ABBONEMENT



It-Forum Vest på spesertur. Foran til venstre styreleiar Christiane Ulriksen. Ein million kroner frå fylket strkar deira arbeid.

#BREDBÅND 27.01.2021

Teleselskap aktive i IT-Forum

Teleselskap slutter helhjerta opp om IT-Forum Vest. Både Sognenett, Eninvest og Bergen Fiber er aktive medlemmer.

AV ARNE JORAMO

Og det kan saktens vere lurt i ei tid då fiberselskaper vil måtte omstille si verksemd frå berre å bygge fiber til eit breiare tjenestespekter. No har Vestland fylkeskommune vedteke å inngå samarbeidsavtale med IT-forum Vest for utviklingsarbeid knytt til innovasjon og næringsutvikling for åra 2021 og 2022.

Avtalen er eit fagleg samarbeid og nettverk for å nå mål og strategiar i Vestland fylke og har eit økonomisk bidrag på ein million kroner.

Tor André Ljosland (KrF), leiar av hovudutval for næring i Vestland fylkeskommune seier i ei melding at dei inngår samarbeidsavtale med aktørar som er strategisk viktige for å gjennomføre innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke, at partnerane dekkar faglege bidrag for innsatsområda og at arbeidet geografisk kan nå ut til heile fylket.

- IT-Forum Vest set stor pris på tilitten Vestland fylkeskommune viser oss ved å inngå ein slik samarbeidsavtale, seier Christiane Ulriksen, styreleiar i IT-forum Vest.

IT-forum Vest kan vise til ei rekke bidrag med å utvikle breie samarbeidsnettverk i regionen og har mellom anna vore sentral i å skaffa store midlar til breibandutbygging i fylket som har hatt stor betydning både for næringsliv, offentleg sektor og innbyggjarane. Arbeidet har også omfatta E-helse og velferdsteknologi, IT i opplæring og utdanning, ny næringsretta IT-utdanning og rekrutteringstiltak knytt til denne.

I det vidare arbeidet skal IT-forum Vest vidareføre innsatsen for å utvikle digital infrastruktur og breiband i heile Vestland, velferdsteknologi, forsterka næringsretta satsing og vidareføre satsinga på rekruttering til teknologifag.

 SKRIV UT  DELTIPS EN VENN

Legg inn din kommentar her:

MIN SIDE LOGG UT 

TELECOMMENTAR:

Også fjellheimen fibres

 - Kommunikasjon blir et stadig sterke element i nordmenns frihetsbegrep, sier Amre Joramo.

SE FLERE KOMMENTARER (+4)

TELECOM REVY XPRESS:

«Framtidas telefon i ustabil»

Miljøvernere mener 5G er et eksperiment på folkehelsen

Dette kameraet har ingen andre

Norske toppledere mer redde for it-angrep enn pandemien

Mangelfull datasikkerhet i to av fem kommuner

Stortingsansatte brukte ikke totinnsverifisering

Må en retromobil være dårlig?

Apple gir opp HomePod 2018

Skaltemeldingen er vidareutviklet og forenklet

ChromeOS feirer 10 år med storoppdatering

Google Maps-brukerne får lov til å tegne i kartene igjen

Norsk IT-bransje underpresterer på Facebook  LES MER

MEST LEST

Kampen om Bergens siste 13 000 k ...

 Kampen om de siste 13 000 kborberkundene i Bergen blir hard. Bergen Fiber mener å ha gode sjanser til å erobre halv ...

Fibermarkedet blir halvert fra 2023

 Fra og med 2023 vil fiberveksten målt i nye abonnement bli halvert. Veksten blir redusert med 80-100 000 årlig til ...

Nettstar blir Bergen Fiber-partner

 Nettstar i Alver kommune i Nordhordaland har signert partneravtale med Bergen Fiber og blir Altibox-partner

Nkom legger Telenor bot på 15 m ...

 Nkom har lagt Telenor en bot på 15 millioner kroner for ikke å ha gitt grossistkunder like god tilgang til kobben ...